

Statens vegvesen

Notat

Til: Vegseksjon Sogn v/Johann Njaastad
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Tore H. Medgard
Kopi: Geo- og skredseksjonen v/Stein Olav Njøs

Sakshandsamar/innvalsnr:
Tore H. Medgard - 95776093

Oppdrag:	Skredhending		Dok. nr. i Mime:	
Oppdragsgivar:	Vegseksjon Sogn v/Johann Njaastad		Dato: 04.04.17	
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Rapportnummer: 30256-GEOL-1
Kommune:	Luster	Vegnr.:	Fv337	HP: 1 Km: 19,500
UTM 32 ref.:	6809460 ; 398420		EUREF 89	
Geoteknisk kategori:				
Utarbeida av:	Tore H. Medgard		Kontrollert av: Jens Tveit	

Fv 337, Hp 1, Km 19,500. Skred Uksabåsen

Innleiing

Klokka 10:30 laurdag 1. april vart geolog kontakta angående skred på Veitastrondvegen ved Uksabåsen (km 19,500). Blokka som hadde nådd vegen vart estimert til å vere om lag 25 m³ og det var akkurat nok plass til at personbilar kunne passere, men ikkje lastebilar. Vegen var ikkje stengt for trafikk men blokka var markert med zebra-markeringar (skilt 906). Geolog var på staden klokka rundt kl. 13:00. Tilstades var Tore H. Medgard frå Geo- og skredseksjonen, Marina Eriksson frå vegseksjon Sogn og brøytebilsjåfør Oddbjørn Molland.

Vurdering og tilråding

Natt til 01. april var det kraftig nedbør i området og steinen vart meldt inn rundt 09:30 laurdag morgon. Steinen har mest truleg komme ein gogn i løpet av natta. Losnepunktet er deler av ein berghammar som ligg på 325 moh. Denne blokka har tatt med seg ein del urmassar frå nedsida av hammaren (Figur 3 og Figur 5) litt nedover skredløpet. Det aller meste har stoppa i terrenget, med unntak av deler av blokka frå berghammaren som nådde ned til vegen på 185 moh (Figur 3, Figur 6 og Figur 7). Dei blokkene som vart liggande i terrenget over stoppa i dei slakrare partia av skredløpet og det vart ikkje vurdert at det ville begynne å skli att med det første. Her er det litt avhengig av om det var snøen eller lausmassar som stoppa det. Her kan det vere aktuelt å reise opp att for å sjå når snøen har reist, men mest truleg vil blokkene ligge godt i terrenget no. Losneområdet ser ut til å vere reint for lause blokker, men lausmassekanten har nokre blokker som kan dette ned til ura under. Det er ikkje vurdert sannsynleg at desse blokkene når vegen.

Oppsummering


Grøfta på utsida av vegen var brøyta slik at lastebilar kunne komme forbi også vart det avtala med entreprenør som skal komme i løpet av første del av veke 14 å fjerne blokka.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52




Figur 1: Skredløpet markert med raudt.



Figur 2: Svart strek markerar skredløpet og fargegraderinga er hellinga til området. Som figuren syner er det bratt i øvre og nedre del, mens noko slakare i midtre del. Hellingsskart henta frå skredkart.ngi.no.



Figur 3: Dronebilde av skredløpet



Figur 4: Dronebilde fra øvre del av skredløpet.



Figur 5: Bilde av øvre del av skredløp og losneområdet.



Figur 6: Nedre del av skredløpet tatt frå berghylle på oppsida av vegen.



Figur 7: Blokka sett frå vegen